



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

21 AUG 2014

Hordaland fylkeskommune  
Planseksjonen  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2010/073152-037

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.08.2014

### Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2014 - 2026 - Utlekking til offentlig ettersyn

Vi viser til oversending frå Fjell kommune av 03.07.14 med framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Fjell kommune i perioden 2014 – 2026.

Planframlegget byggjer på dei føringane som er gjort i planstrategi for Fjell kommune og planprogrammet for rulleringa. Hovudtema er bustad, næring og kystkultur. Areal som inngår i kommunedelplanar er ikkje del av rulleringa.

Statens vegvesen uttalar seg til framlegg til kommuneplanar med bakgrunn i rollene som:

- Vegstyremakt i riksvegsaker
- Vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- Statleg fagstyremakt med sektoransvar i samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljølemping knytt til veg og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til planframlegget:

Statens vegvesen vil ha mest fokus på forhold knytt til hovudtemaet bustadbygging.

Vi er nøgd med at det i under Rekkjefølgjekrav punkt 2.a er teke med at bustadområde ikkje kan byggast ut før det er bygd samanhengande fortau og sykkelveg langs offentlig veg fram til nærmaste skule, ev. kollektivhaldeplass i område der det er skuleskyss.

Vi viser her og til Rikspolitiske retningslinjer for areal- og transportplanlegging (RPR) som har ein klar føresetnad om at det ikkje skal leggast opp til ny utbygging i område som ikkje har tilfredsstillande kollektivdekning eller trafikksikkert tilbod til mjuke trafikantar.

I møte i planforum 29.04.14 der hovudprinsippa for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel vart presentert vart det m.a. fokusert på avsetjing av areal til LNF-spreidd bustad.

Det vart fokusert på at LNF-spreidd bustad først og fremst skal nyttast i dei områda der ein vil foredle grendene (bevare bumiljø med tilknytning til kysten).

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Dette gjeld områder i grendene der det er noko busetnad og det er aktuelt med berre eit fåtal nye bustader i planperioden.

I pressområda, nær meir sentrale deler i ei presskommunen som Fjell, kan område for LNF-spreidd bustad ofte vere uheldig ved at bustadutbygginga er så stor at det vert mange dispensasjonar i forhold til kommuneplanen sin arealdel. I samband med kvar enkelt dispensasjonssøknad er det vanskeleg å knyte krav til bygging av naudsynt infrastruktur. I slike områder bør det visast bustadområde med plankrav i staden for LNF-spreidd bustad. Statens vegvesen vil tilrå at det i tillegg til område i dei sentrale delane av Fjell kommune ikkje vert vist LNF-spreidd bustad langs både vest- og austsida av Sotra som t.d. langs fylkesveg 210 mellom Møvik og Ågotnes og langs fylkesveg 206 mellom Bildøy og Li (Ekerhovd). Statens vegvesen er og skeptisk til bruk av LNF-spreidd bustad på Ulveset. Denne delen av kommunen har etter kvart fått tatt utbygging at det vil vere mest naturleg å definere aktuelle areal for bustadutbygging som byggeomrder med plankrav.

Næringsareal.

Når det gjeld tilrettelegging av næringsareal på Vindenes er vi samd i at dette må sjåast i samanheng med nasjonale behov. Deler av området inneheld område med viktige kulturhistoriske verdier i nasjonal samanheng (Høybøen).

Då forvaltning av desse verdiane ikkje er avklara, enno er vi samd i at det vil vere uheldig å opne opp for t.d. bygging av nye kaiareal som avlasting for industriområdet på Ågotnes. Før ein kan tillate utbygging av næringsføremål på Vindenes må areala vere avklara gjennom utarbeiding av ein detaljreguleringsplan for området som ser utvikling av området i ein heilskap.

Samferdsel:

Planlegging av Sotrasambandet har gått over fleire år, og er no kome inn i Nasjonal Transportplan (NTP). Reguleringsplanen for Rv 555 Sotrasambandet frå Kolltveit til Bergen grense er under arbeid. Fjell kommune har og starta opp reguleringsplanarbeid for reguleringsplan for Fv 561 Kolltveit – Ågotnes og Fv 555 Kolltveit – Sund grense. I samband med desse store utbyggingsprosjekta er det svært viktig at det og vert sikra eit godt og trafikksikkert gang- og sykkelvegssystem. Dette er spesielt viktig ved vidare utvikling av Straume sentrum og Kystbyen på Bildøy.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til framlegg til rullering av kommuneplanen for Fjell kommune.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Kopi: Fjell kommune, Plan- og utbyggingssjefen, Postb. 184, 5342 Straume  
Fylkesmannen i Hordaland, Postb. 7310, 5020 Bergen